



Gro Hylleseth
Naustdalslia 13 A
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2564 - 18/30349

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
03.10.2019

Svar på søknad om godkjenning av Vardane Familiebarnehage

Vi viser til søknad datert 21.08.2018 der du søker om å få starte familiebarnehage i Vardane 64 B i Alversund. I perioden 2006-2009 dreiv du familiebarnehage i dei same lokala. I søknaden skriv du at du er kjent med lovverket knytt til drift av familiebarnehage. Vidare skriv du at du ønskjer å leggje til rette for 10 – 12 plassar fordelt på små og store barn.

Vi viser og til telefonsamtalar og e-postkontakt i samband med søknaden.

Lindås kommune har i dag full barnehagedekning jfr Barnehagelova § 12 *Rett til plass i barnehage*. Frå 01.01.2020 vert Lindås ein del av Alver kommune saman med Meland og Radøy. Frå då vil behovet for nye barnehageplassar verte vurdert under eitt. Ei avgjer om etablering av nye barnehagar, vil verte politisk handsama. I samband med politisk handsaming vil det vere offentlege høyringar der det er mogeleg å kome med innspel /ønskje.

Vedtak:

På bakgrunn av dette vert søknaden om å starte familiebarnehage i Vardane 64 B avslegen.

Orientering om enkeltvedtak:

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen De får dette brevet. Klagen skal stilast til den instansen som har fatta vedtaket. Får de ikkje medhald eller delvis medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Gro Hylleseth

Naustdalslia 13 A 5915

HJELMÅS